



Arkivsaknr: 2024/8920-1
Sakshandsamar: Leif Bjørnar Hopland
Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Framlegg til ny lokal forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til lokal forskrift for skulefritidsordninga i Alver vert sendt på høyring med 8 veker frist for tilbakemelding. I tillegg til innspel på framlegg til ny lokal forskrift ber ein i høyringsrunden om innspel til justering og endring av innhaldet i forskrifta.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Ny opplæringslov trer i kraft 1. august 2024. I den nye lova er det fleire bestemmingar som angir når det skal fastsetjast lokale forskrifter. Kommunen skal fastsetje lokal forskrift for skulefritidsordning (SFO) heimla i ny opplæringslov § 4-5 (5). Den lokale forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtiden (Lovdata).

Framlegget som vert sendt på høyring inneheldt endringar i henvisning til opplæringslova med tilhøyrande forskrift. Omgrep er og endra i samsvar med ny opplæringslov. Det er og gjort nokre mindre språklege justeringar i teksten som ikkje har følgjer for innhaldet i forskrifta.

I høyringsrunden blir det bedt om innspel til endring/justering av innhaldet i forskrifta.

Partar

Framlegg til ny lokal forskrift for skulefritidsordninga vert sendt på høyring etter forvaltningslova § 37.

Partar er dei kommunale skulane i Alver v/rådsorgana samt kommunalt foreldreutval. Høyringa vert og sendt ungdomsrådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne samt arbeidstakarorganisasjonane.

Vurdering

Noverande lokal forskrift er vedteke av kommunestyre 20.02.2020 og justert av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.2023.

Ny opplæringslov gjer at det er behov for å justere den lokale forskrifta i tråd med endringane i lova. For skulefritidsordninga er endringa i lova i liten grad knytt til innhaldet i tilbodet, men først og fremst til ny struktur (endring i kapittelinnending og paragrafar) og nokre mindre endringar i ord og omgrep. Det er og gjort justeringar i teksten som kjem av endringar i ordninga for 12 timar betalingsfri SFO i veka. Frå 1. august 2024 er ordninga med gratis 12 timar SFO utvida til og å gjelde elevar på 3. trinn.

Gammal opplæringslov inneholdt eit unntak frå kunngjøringskravet i Norsk Lovtiden (Lovdata) for fleire lokale forskrifter. Dette unntaket er fjerna i ny opplæringslov. Lokale forskrifter som skal gjelde frå hausten 2024 bør fastetjast og kunngjerast etter ny lov.

Framlegget som no blir foreslått sendt på høyring er først og fremst knytt til formkrav og struktur. Det blir foreslått at ein i høyringsrunden og ber om innspel til innhaldet i den lokale forskrifta for å vurderer om det er behov for å gjere ytterlegar endringar.

Ved eventuelle framlegg til ytterlegare endringar av forskrifta som følgje av innspel i denne høyringsrunden må det gjevast høve for dei berørte partane til å uttale seg før lokal forskrift vert endra.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at framlegg til ny lokal forskrift vert sendt på høyring med 8 veker frist for tilbakemelding.

Kommunedirektøren rår til at det i høyringsrunden blir bedt om innspel til justeringar og endringar av innhaldet i den lokale forskrifta ut over dei strukturendringane som er gjort som følgje av ny opplæringslov.